



STRATEGI FOR
UTVIKLING AV
INDRE LEIRVIK HAMN

ABO
PLAN &
ARKITEKTUR

Hamnestategi for Indre Leirvik hamn

Framlegg til strategi for utvikling av indre Leirvik hamn er utarbeida av ABO Plan & Arkitektur Stord på vegne av, og i samarbeid med, ei ad-hoc gruppe samansett av folkevalde og representantar i frå kommunale råd, næringsdrivande og frivillige organisasjonar.

Strategien legg til grunn innhaldet i mogleikstudien Veni-Vidi-Vikjo, Strategisk hamneplan 2021-2030, innspesrapport frå utført nærmiljøprosjekt, relevante innspel til kommuneplanarbeidet, Byromsstrategi for Leirvik sentrum, samt gjeldande reguleringsplanar.

Det er i arbeidet teke omsyn til kjente pågående og planlagde prosjekt for arealbruk i sentrum, samt laga ei oversikt over rekkefølge og føresetnader for gjennomføring av hamnestategien. Dei fleste føreslegne tiltaka er i tråd med gjeldande planstatus eller krev mindre reguleringsendringar/søknad om dispensasjon.

Det er i arbeidet valt ut to fokusområde; Evjo (med Skotabergkaien) og Teinevikjo/Moloen, der det er detaljert ut forslag med tiltak som skal støtte opp om måla for strategiarbeidet.


PROSJEKTGRUPPE ABO Plan & Arkitektur Stord

Berit Haga Vikanes, Oppdragsleiar
Arealplanleggjar

Hedvig Steinsvåg Hansen
Arkitekt MNAL

Katarzyna Kaczorowska
Landskapsarkitekt

Karoline Eldøy
Arealplanleggjar/Dagleg leiar





Mål for hamnestategien

Mål for strategiarbeidet vart gjeve av kommunestyret, i si godkjenning av ny hamneplan i 2021:

1. Å utvikla Leirvik hamn til den føretrekte gjestehamna i Sunnhordland
2. Å styrka attraktiviteten og bruken av hamna blant innbyggjarane på Stord
3. Å leggja til rette for at unge kan oppleva sjø/båtliv
4. Å leggja til rette for at eksterne aktørar innan maritime miljøtenester kan etablera seg
5. Å leggja til rette for grøn omstilling
6. Å sjå på moglegheita for etablering av eit sjøbad-anlegg

Ad-hoc utval

Utval for plan og utvikling vedtok organisering og mandat for eit ad-hoc utval i arbeidet. Ad-hoc utvalet har bestått av medlemar med ei brei politisk samansetning, representantar i frå næringsdrivande, i frå frivillige lag med aktivitet i området, Stord næringsråd, ungdomsrådet og eldrerådet, samt representantar i frå rådmannen.

Mandat:

- Utarbeide framlegg til strategi for utvikling av indre hamn med bakgrunn i målsetjingane i kommunestyrevedtaket (mål for arbeidet gjeve over)
- Utvalet må føreslå geografisk avgrensing av prosjektorrådet
- Strategien skal byggje på innhaldet i vedteken hamneplan
- Strategien skal ta omsyn til andre prosjekt for sentrumsutvikling
- Strategien skal leggje til grunn kommunen sine folkehelsemål og vedtak om nullutslepp innan 2030
- Utvalet skal samarbeide med sekretær/konsulent oppnemnd av rådmannen.

MATERIALITET OG DESIGN

GJENBRUK
MATERIALBRUK
FARGEPALETT
GRØNE STRUKTURAR
LYSSETTING

MOBILITET

STRANDPROMENADE
TILGJENGE TIL SJØFRONT
REDUSERE BILPARKERING
KORTTIDSPARKERING BÅT
LADESTASJONAR
SYKKELBYEN

MØTEPLASSAR

PARKANLEGG
SJØBAD
MARITIMT MUSEUM/VITENSENTER
ARRANGEMENT
EVJO
MOLOEN + TEINEVIKJO

MATERIALITET OG DESIGN

**GJENBRUK AV MØBLERINGSELEMENT,
OVERFLATEBELEGG OG PLANTER**

SAMANHENGANDE FORMSPRÅK

GRØNE STRUKTURAR

AKTIV LYSSETTING

MATERIAL- OG FARGEPALETT

Gjenbruk og sirkulærøkonomi

Strandpromenaden og byromma i Leirvik sentrum bør ha ein tydeleg smananheng og formspråk som knyter hamna saman med resten av byromma. I den godkjende byromsstrategien for Leirvik sentrum er det lagt opp til ein strategi om fornying, gjenbruk og vidareføring av eksisterande møbleringselement, installasjonar, bygolv og grøne strukturar. Denne strategien skal òg gjelde for strandpromenaden.



Det er viktig å bygge vidare på dei gode kvalitetane som allereie finst i hamneområdet, og gjenbruk som eit hovudprisipp er miljømessig og økonomisk berekraftig. Ved å kartleggje faste og lause møbleringselement og installasjonar i hamna samt resten av Leirvik sentrum, vil ein få ei oversikt over dagens situasjon og eit grunnlag for vidare arbeid med å lage eit heilskapeleg uttrykk langs heile strandpromenaden gjennom sentrum. Ved medviten plassering og omorganisering kan dei eksisterande elementa vere med på å skape ei variert og spanande vandring gjennom sentrum.

Eit døme på møblering som skal vidareførast er Hvilan stålrorrysbenkar som for dei fleste er eit kjent element i sentrumsbyromma. Ved at benkane vert rehabiltert og fargestett etter ein overordna fargepalett, kan desse takast med vidare i møbleringa utvalgte stader langs strandpromenaden.

I opparbeiding av nye bygolv skal det tilstrebast å bruke gjenbruksmaterialer. Dette kan t.d. vera stein henta i frå saneringsdepot eller ombyggingar andre stader. Val av materialer og detaljering vert fastsett i prosjekteringsfasen til kvart delprosjekt.

Møblering

Møblering og materialval i dagens byrom framstår som tilfeldig og prega av mangel på ein heilskapleg plan og tilrettelegging over tid. Mykje av eksisterande møbleringselement har likevel gode kvalitetar og design, som kan løftast fram gjennom ei betre plassering i byromma.



Val av nye typar møbleringselement bør sjåast i samanheng med resten av sentrumsbyromma. Det bør velgjast møbleringselement av god kvalitet og design, som står seg i lang tid. Treverk og naturmaterialer med lite vedlikehald vil eldast fint og robuste material gir lang levetid.

Bygolvet

Bygolvet i hamna består i dag for det meste av asfalt og betong. Her vil vi tilføre fleire lag og material for å skape ulike soner og stader. Trebrygge, belegningsstein, grøntrstrukturar, sand og betong/asfalt markerer ulike former for av aktivitetar, møteplassar og ferdsselsretningar. For å framheve attraksjonar langs strandpromenaden kan bygolvet brytast opp med ulike material på tvers av gangretninga fleire stader.

Det er eit mål at alle skal få moglegheit til å kome tett på og ned til vasskorpa. Dette kan mellom anna gjerast ved å leggje til eit tredekk som trapper seg ned utanpå dei harde og høge kaifrontane. Trebrygga kan utførast som trapper med varierande trinn og ramper for universell tilkomst.

Grøne strukturar

Det er i dag få grøne strukturar knytt til byromma i sentrum, og det same gjeld for både offentlege og privateigde areal langs hamna. Der det er fast beplanting og bed verkar desse ofte som barrierer i byromma, meir enn at dei tilfører trivsel. Det bør leggjast til rette for fleire grøntstrukturar langs strandpromenaden. Desse grøne parkane kan knyte seg opp imot bakanforliggjande byrom, og slik knyte saman hamnefronten med resten av byen bak. Det bør òg vera eit mål at grøne strukturar knyt seg tettare opp mot det harde bygolvet langs strandpromenaden. Dette kan t.d. gjerast med glidande overgangar og fragmentering av belegg og grøntstruktur.

Eit av tiltaka i byromsstrategien er å utarbeide ein heilskapleg planteplan for Leirvik sentrum. Ved å inkludere heile strandpromenaden i denne planen vil byromma og hamna knytast visuelt saman. Ein slik plan vil effektivisere drifta til grøntavdelinga og gjøre det lettare å gjennomføre nye prosjekter.



01



Lysetting

Byromma i Leirvik sentrum bør vere lyssett på ein slik måte at dei vert oppfatta som tilgjengelege, attraktive og trygge gjennom heile døgeret. Lyssettinga må tilfredstille funksjonelle behov om personleg tryggleik, framkome og komfort for alle brukarar. I hamna er dette eit særleg viktig premiss. I tillegg bør stigar til sjø vera lyssette under kainivå for å sikre synlegheit frå sjø òg i mørket.

Ei aktiv lyssetting kan brukast for å fremje design og utforming, og kan også vera eit kunstverk i seg sjølv. Lyssetting av både horisontale og vertikale flater, samt lyssetting av ulike byggeri og installasjonar vil framheve byromma og hamnefronten.

Lyssetting må vere ein del av detaljprosjekteringen for sentrum. Det bør velgjast armaturer og lyssettingsutstyr med estetisk god utforming og eit samanhengjande uttrykk og fargebruk.

Material- og fargepalett

Det er viktig med eit samanhengende formspråk, og ein medviten bruk av material og fargar i utforminga av offentlege byrom og ferdsselsårer.

Sentrums er i dag prega av mykje asfalt og stein, som utgjer mørke og grå flater. Bruk av ein varm fargepalett vil tilføra liv og varme til byromma. Fargepaletten for strandpromenaden bør samstemma med fargepalett for resten av byromma i Leirvik sentrum for å skape heilskap og visuelt knyta byromma saman.

Det er naturleg å fastsette fargepaletten endeleg i samband med detaljprosjektering, men strategien viser eit forslag til fargebruk. Denne paletten er ein utvida versjon av fargepaletten i byomsstrategien, der det er teke inn ein gulfarge som skal brukast på utstyr som båtfester, kantlister og stegar.

MOBILITET

STRANDPROMENADE

AUKA TILGJENGE TIL SJØFRONT

REDUSERE OVERFLATEPARKERING

KORTIDSPARKERING FOR BÅT

LADESTASJON FOR BÅT/SYKKEL

SYKKELBYEN STORD

Strandpromenade

I dag ber strandpromenaden preg av å vera utbygd stykkevis og delt, der nokre parti er innbydande medan andre innehar få element og framstår som dødareal. Det er fleire faktorar som er viktige for å sikre offentleg tilgjenge og aktive/attraktive byrom. Tydelege markeringar og grenser mellom offentlege og private sonar klargjer bruk og rørslemónster. Aktivitetar (magnetar) gi folk grunn til å oppsøke byromma. Utforminga/estetikken til byromma spelar ei stor rolle for bruken og attraktiviteten.

I strategien vert det lagt til rette for ulike aktivitetar og attraksjonar langs strandpromenaden, for å dra folk vidare langs den flotte sjøfronten i sentrum. Aktivitetar, som må tilpassast folk i alle aldrar og funksjonsevner, som t.d.:

- Sjøbad og sauna
- Installasjonar tilknytt maritimt regionmuseum
- Leik i apparat og på installasjonar
- Treningsapparat
- Sandvolleyballbane
- Vasspeil/plaskedam, der dei mindre borna kan føle nærliek til sjø
- Handels- og serveringstilbod (t.d. bistro/restaurant, café, is-kiosk)

Auka tilgjenge

Sjøfronten kan i dag opplevast som vanskeleg tilgjengeleg; det handlar om traséar, ledelinjer, materialbruk og prioritert. Ved relativt enkle grep kan ein opne tilgjenge til sjøfronten.

I frå:

Til:




Her møter gangvegen ein vegg og sjøfronten verkar avstengt.



Endra plassering av servicebygga, og gangveg og sjøfronten vert med ein gong meir open og tilgjengeleg.

Det er viktig at ein sikrar gode ferdsl- og siktlinjer til sjø i alle reguleringsplanar- og byggjesaker langs hamna.







Korttidsparkering for båt

Det er eit behov for å gjøre kaiane i indre Leirvik hamn meir attraktive som oppholdssteder og meir tilgjengeleg for andre båtfolk enn dei som skal vitje gjestehamna og dei som har båtplass her. I dag er det få stader ein kan leggje til med ein fritidsbåt, og hamnestategien legg til rette areal for mindre båtar ved Notahaugsbryggjo, Ventekaien og inst i Evjo.

Tilgjengeleg kaiareal

Leirvik hamn er ei aktiv næringshamn. Det er viktig for kommunen at ein sikrar og vidaredører tilstrekkeleg kaiareal for vidare drift.

Tilrettelegging for korttidsparkeringsplassar og etablering av sjøbad betyr ein reduksjon på om lag 160 meter kai, som Stord hamnestell ikkje lenger kan nytte i si verksemد på same måte som i dag. I dag vert desse kaiane (Notahaugsbryggjo og Skotabergkaien) nytt til ventekai/opplag, småbåtar, gjestehamn og mindre arbeidsfartøy. Samstundes syner ein ei utviding av moloen, som vil gi om lag 165 meter ny kai. I tillegg kan ytre kai side på moloen nyttast når vær og bølgjeforhold tilseier det. Slik misser ein ikkje kaiareal, som er ettertraka i hamna. Hamnestellet kan framleis nytte kaiane i si verksemد, men her føreslått som gjesteparkering, båtdelering m.v.

VENTEKAIEN/SUNNHORDLANDSKAIEN er synt som parkområde med nedtrappingar mot sjø, som vedteke i Byromsstrategien. Langs Sunnhordlandsbygget kan større båtar leggje til som i dag. Mot aust er kaiområde synt som korttidsparkering for båt, for å auke tilgjenge og attraktivitet. Dette betyr at om lag 50 meter kai går ut som inntektskjelde, der kaien i dag for det meste vert nytt av MS Sunnhordland. MS Sunnhordland er føreslege flytta ut på ny kai på utvida molo. Kommunen kan potensielt få inntekter i frå korttidsparkering med båt og bruk av ladestasjonar langs kaien.

NOTAUGAUGSKAIEN er synt med ei forlenging av nedtrappa areal mot sjø, med korttidsparkering for båt. Dette betyr at om lag 50 meter kai går ut som inntektskjelde, der kaien i dag vert sporadisk nytt av mindre båtar. Kommunen kan potensielt få inntekter i frå korttidsparkering med båt og bruk av ladestasjonar langs kaien.

GJESTEHAMNA/EVJO er vidareført, med ei lita justering; den inste flytebrygga er bytta ut med ei nedtrappa trebrygge. Ettersom den inste sida av flytebrygga i dag ikkje vert nytt, anna enn av ein kajak i ny og ne, vil dette ha liten innverknad på gjestehamna sin kapasitet eller drift. Her har ein synt korttidsparkeringsplassar for båt og båtdelering, som kommunen potensielt kan få inntekter i frå.

SKOTABERGKAIEN er føreslege nytt til sjøbadanlegg. Her er det i frå før ei privat flytebrygge, samt vedteke ny flytebrygge for Stord seilforening, som tek noko av kaiarealet. Dette betyr at om lag 110 meter kai går ut som inntektskjelde, der flytebrygga i frå før har omdisponert om lag 50 meter av kaien. I dag vert kaien sporadisk nytt av mindre båtar, samt ambulansebåten. Ambulansebåten er føreslege flytta ut på ein utvida kai på eksiserande molo.

MOLØEN er utvida, i tråd med vedteken reguleringsplan. Her vil ein få om lag 165 meter ny kai på innsida av moloen, og om lag 125 meter på sida- og utsida. Det vil kunne vera avgrensa bruk av kaiareal på utsida, grunna Oma Båtbyggeri sin aktivitet i området, og bølgjer i frå fjorden som kan stå rett inn her.



Grøn omstilling

I følgje båtlivsundersøkinga (2018) er det om lag 1 mill. fritidsbåtar i Norge, som i følgje SSB utgjorde 1,8% av CO₂ utsleppa knytt til transport i 2020. Norge er leiande innan el-bilar per innbyggjar, og ein ventar no at ei stor aukke òg i el-båtar. Det er viktig å vera førebudd på denne bølgja, og finne dedikerte plassar til ladarar.

Nye bygg bør tilretteleggast med alternative energikjelder. td. solceller på tak, og slik vere sjølvforsynt med straum til lys og varmeelement, til lading av mobiltelefonar, syklar og båtar. Ein ser ei rask utvikling av ulike energikjelder, og det er difor viktig å ha tilstrekkeleg areal på kai til å kunne levere ulike energiløysingar.

Stord kommune vedtok i 2020 å verta ein nullutsleppsommune i 2030 i høve til klimagassutslepp. Stord hamnestell bidreg elles med å tilby landstraum, med redusert kaileige og strumpriis. Hamnestellet har òg sett krav til at alt utstyr skal vera elektrisk eller ha anna utsleppsfritt drivstoff.

Andre grep kommunen kan ta ift. grøn omstilling er miljøsertifiseringar. Stord kommune er Miljøfyrtårnsertifisert, og har som mål at alle einingane skal vera sertifisert som miljøfyrtårn; her medrekna Stord hamnestell. Det fins fleire sertifiseringssystem som fremjar berekraftig utvikling, som t.d. Blått flagg. Blått flagg for marinaer vitnar om høge standardar innan sikkerheit og service, miljøleiing, vasskvalitet, miljøinformasjon og miljøopplæring.


Delingskultur

Det finnes òg føretak som har satsa på båt-delering (med el-båtar), på same måte som bildeleringar. Pt. er dette berre tilgjengeleg i Bergensområdet, i tillegg til i Oslofjorden. Dette vil kunne gi mange fleire mogelegheit til å kunne oppleve sjøbasert friluftsliv òg på Stord.

I Byromsstrategien vart det peika på nyutvikla appar som fremjer nye parkeringsløysingar med fokus på delingsøkonomi (ImP), som kan bidra til å reduserebehovet for bilparkering i sentrum. Slik kan ein oppretthalde antalet plassar, samstundes som ein reduserer arealet til parkering. Dette er særsviktig langs sjøfronten; Nokre av dei finaste areala her vert i dag nytta som parkeringsareal. Ein bør søke å finne alternative parkeringsareal for desse, og vi peiker på offentlege tilgjengelege parkeringsplassar elles i sentrum.

Unge og sjøliv

For å bidra til at alle, særskilt unge, kan ta del i sjø/båtliv, har Stord hamnestell sett av tre båtplassar for unge, der ein slepp innskotssum, men berre betalar leige. Ved etablering av Stord seilforening og Redningsselskapet i hamna vil ein leggje til rette for at fleire unge får ei praktisk opplæring i segling og tryggleik på sjøen. I tillegg skaper desse aktørane ein møteplass og fysisk aktivitet, og bidreg til eit levande hamnebasseng. Dei skal prioritere unge under 20 år ved tildeling av båtplass, samt rabbatterte leigeprisar. Ein ventar òg at fleire tilgjengelege korttidsplassar for småbåtar, samt ein ev. båt-delering, vil auke bruk av hamna.



AKTIVITETAR OG ATTRAKSJONAR

SJØBAD

GJESTEHAMNA

PARKANLEGG

MARITIMT REGIONMUSEUM

ARRANGEMENT

EVJO

MOLOEN

Sjøbad

Nytt sjøbadanlegg er synt på Skotabergkaien som eit anlegg med både lukka oppvarma basseng (25 meter) og eit skjerma sjøbad (25 meter). Sjøbadet vert avgrensa med bøyar og flyteelement for å hindre ulukker med båttrafikken i hamna. Lyssetting av badeanlegget er òg viktig for sikkerheita.

Sjøbadet kan utviklast stegvis, der ein t.d. kan starte med eit enkelt avgrensa badeområde mellom to flytebrygger. Sjøbadet kan enten etablerast som flytande konstruksjon med fortøyinger, eller som fast konstruksjon - eller ein kombinasjon av desse. Her vert det òg omkledningsmøgeligheter og WC.

Sjøbadeanlegget kan i tillegg til rekreasjon nyttast til kursing i kajakkvelt og livredning.

Vasskvaliteten i hamna er i følgje Vann-nett moderat/dårleg, grunna påverka sediment (miljøgifter) ved skiftsverfta. Konsentrasjonen av metall og miljøgifter var låge elles i hamna. Ein må etablere prøvetaking av badevatnet i tråd med forskrift om miljøretta helsevern og EU sitt badevatnsdirektiv sine krav (minimum fire prøvar kvar sesong).

Gjestehamna

Gjestehamna er ei populær gjestehamn, som plar ha rundt 2.000 overnattingsdøgn. Ein brukar automat eller app`en GoMarina for betaling etc., og hamna tilbyr i dag m.a. desse tenestene: bunkring, straum, vatn, leikeapparat, serviceanlegg med toalett/dusj, vaske- og tørkemaskinar, grillområde/hus med bord og benkar, gratis trådraust internett, tøming av septik.

Dei nye tiltaka som vert føreslegne i strategien; sjøbad, sauna, tiltalande servicebygg og parkar m.m. vil vera med å auke attraktiviteten til gjestehamna. Ved å samle servicebygg og renovasjon i eine enden av området vil det oppstå eit større areal ved gangvegen frå Hamnegata ned til kaifronten som kan opparbeidast til park og rekreasjonsstad for både turistar og fastbuande. Gjestehamna kan òg drifte korttidsparkering for småbåtar, ladestasjonane samt båt-delering.



Maritimt regionmuseum

Sunnhordland innehalar ei rik og lang historie, særskilt innan det maritime og industrielle. Det er ingen sjølvsgått ting å klare å halde tritt med utviklinga; men Stord ligg i dag fremst i verda kva gjeld utvikling av grøn teknologi og -skipsfart. Den unike historia og posisjonen Stord og Sunnhordland har bør gjerast meir tilgjengeleg, og samlast i eit nytt regionalt maritimt museum. Her kan ein samle informasjon om, promotere og synne breidda i vår maritime historie. Ei slik satsing vil kunne samle dei ulike eksisterande musea og attraksjonane i kommunen og regionen, som t.d.: Sunnhordland museum (regionalt ansvarsmuseum), Stord maritime museum, Gruvemuseet på Litlabø, Aker solutions/Kværner industrimuseum, Geopark Sunnhordland m.v.

Regionsenteret Leirvik er den naturlege staden for eit slikt museum. Med tanke på den maritime tyngda i vår region si historie bør dette ligge til sjø.

I tillegg til den tradisjonelle måten, med museum i bygg, kan ein fortelje den spanande historia ute i sjølve byen - langs hamna - der folk ferdast og oppheld seg. Museumet kan vere oppbygd med ein "Vil Vite"-metodikk, og det er difor langs strandpromenaden synt blå fokusmarkeringar (stipla ringar) som forslag til plassering av installasjonar. Desse skal tilgjengeleggjere museumet for alle; dette kan vera installasjonar med lyd-, video-, tekst m.v., i tillegg til QR-kodar o.l. som kan ta ein vidare inn i historia. Slik kan museumet òg verte nytt mål for søndagsturen, skuleklassar, turistar m.v.





EVJO + MOLOEN

GJESTEHAMNA

HISTORIE OG TRADISJON

AKTIVITET LANGS -OG UT MOT HAMNA

TILGJENGE TIL SJØKANTEN FOR ALLE

SJØBAD

PARKANLEGG OG NYE KAIAR



EVJO

Evjo, med si sentrale plassering i byen, er hjarta i hamna og eit område med stort forbettingspotensiale mht. til rekreasjon, båtliv og næring. Området er nært knytt opp til handelssentrums og er i sommarhalvåret ankomstpunkt for mange båtturistar. Her finn ein den viktigaste ferdseleåra langs sjøfronten på Leirvik, men den framstår i dag som ei "bakevje". For å gjere dette området til ei attraktiv ferdelsåre og ein stad å opphalde seg, vert det viktig å opne opp og leggje til rette tydelige gangvegar og siktlinjer.

I dag er mange av fasadane langs hamna lukka og avstengt, som ei bakside. Ved å opne opp fasadane på gateplan mot kaifronten og søke utadretta næring i desse lokalene, kan området få eit attraktivt preg med ein aktiv strandpromenade.

Eigedomane inst i Evjo er i privat eige, med unntak av storparten av kaifronten, som er kommunal eigedom. Evjo har stort potensiale for vidareutvikling som sentrumsområde, men denne utviklinga er også avhengig av privat initiativ. Strategien vister ei mogleg utvikling av desse eigedommane.

Mellan Notahuagskaien og Sjøhuset er det i dag ei tydeleg siktline frå bakanforliggjande byrom og ut i hamna. Likevel er gangtilkomsten her smal og ugunstig. Me føreslår å opne opp ved å fjerne delar av eksisterande bed. Dette vil skape ein tydeleg og god passasje ned til hamna.

Strandpromenaden vert naturleg knytt saman med den framtidige parken på Sunnhordlandskaien. Her er det tenkt trebrygge utforma med trapper og ramper slik at alle har mogleik til å komme nært ned til vassflata. Trappetrinna er delt inn i store og små trinn som skaper naturlege gang- og sittesoner bortetter strandpromenaden. Trebrygga legg seg som eit ekstra lag langs kaifronten og strekk seg frå parkområdet på Sunnhordlandskaien til innst i Evjo. Langs trebrygga kan ein leggja til med småbåtar (korttidsparkering), og det skal tilretteleggjast for å lade båten med nye ladestasjonar.

Båtlivet er ein viktig del av vår tradisjon, men er i dag ikkje tilgjengeleg for alle. Ein måte å auke tilgjenge til denne frilufts-livsforma på, er å etablere ein båt-pool, som kan ha kaiplass i Evjo.





Notahaugsbryggjo

Notahaugsbryggjo ligg inntil nytt framtidig parkareal, og kan vera ein høveleg stad for restaurant/kafè med uteservering. I framkant av bygningsmassen er det godt med areal og det kan leggjast til fleire lag med beplanting, sittjebenkar og element/installasjonar for å skape liv langs strandpromenaden. Ved å i større grad opne opp areala på gateplan mot kaifronten vil dette området verra ein ettraktiv stad å ferdast/opp halde seg.

Sjøhuset og nytt bygg inst i Evjo

Sjøhuset er i dag kjent for dei fleste, og har ei lang og interessant historie. Bygningen har vore flytta og ombygd fleire gonger, og vorte nytta til mange ulike formål og aktivitetar opp gjennom åra. Leirvik AS, "Sveisens", starta m.a. her. Dette bygget vitnar om historia på Leirvik, og bør vidareførast.

Bygningsmassen sydaust for Sjøhuset kan utviklast eller re- etablerast som eit nytt bygg. Her kan ein knyte nytt og eksisterande saman. Det bør leggjast til rette for kombinert bruk i eit eventuelt nybygg, og dette vil vere ei bra plassering for museum/aktivitetssenter med nærliken til turistar i gjestehamna. Her kan det t.d. etablerast maritimt regionmuseum og takhage/uteplass kan til td. utekino.

Gjestehamna

Anlegget knytt til gjestehamna kan vidareutviklast, der ein kan skape eit større areal ved å samle servicebygg og renovasjon i eine enden av området, og opparbeide park og rekreasjonsstad for både for turistar og fastbuande i andre.

Thiisafabrikken

Thiisafabrikken husar i dag m.a. Stord seilforening og Redningsselskapet, som bidrar til auka liv i hamna. Her er det ein høveleg stad for drift av restuarunat/kafe, og på kaiplan mot gjestehavna og kaifronten er det fine forhold for uteservering.

Dette vil kunne danne eit triveleg område saman med gjestehamna og parkareal.



Gjestehamna

Anlegget knytt til gjestehamna kan vidareutviklast, der ein kan skape eit større areal ved å samle servicebygg og renovasjon i eine enden av området, og opparbeide park og rekreasjonsstad for både for turistar og fastbuande i andre.

Thiisafabrikken

Thiisafabrikken husar i dag m.a. Stord seilforening og Redningsselskapet, som bidrar til auka liv i hamna. Her er det ein høveleg stad for drift av restuarunat/kafe, og på kaiplan mot gjestehavna og kaifronten er det fine forhold for uteservering.

Dette vil kunne danne eit triveleg område saman med gjestehamna og parkareal.





SKOTABERGKAEN

Nytt sjøbadanlegg er synt på Skotabergkaien som eit anlegg med både lukka oppvarma basseng (25 meter) og eit skjerra sjøbad (25 meter).

Sjøbadet kan enten etablerast som flytande konstruksjon med fortøyningar, eller som fast konstruksjon - eller ein kombinasjon av desse. Her vert det òg omkledningsmogelegheieter og WC.

I framkant av Skotabergskaien er det lagt til ei trebrygge som trappar seg ned med store og små trinn til sjøkanten og skaper sittje- og oppholdslassar, samt gir universell tilkomst med rampe.

Stord seilforening etablerer si nye brygge i tråd med løyet, og på sikt også eit lite bygg uterst på brygga. Redningsselskapet har lokaler og aktivitet i området. På strandpromenaden i dette området er det god plass til å arrangere events og aktivitetar som kan engasjere born og unge. Sjøbadeanlegget kan i tillegg til rekreasjon nyttast til kursing i kajakkfelt og livredning.





09



10



11



TEINEVIKJO

Inst i Teinevikjo er det i frå før regulert ei utfylling i sjø, som vil gi areal til både nye bygg og flater som er føreslått opparbeida som frodig grøntdrag med leike- og aktivitetspark og sandvolleyballbane.


Parkeringsplassar vert opprettholdt langs vegen, og ein gangveg skil parken frå biltrafikk.

Ved utfylling av dette området vert eksisterande flytebrygger flytta utover i hamnebassenget, slik at det ikkje vert ei redusering av antall plassar i småbåthamna.


Nedkjøringrampe til sjø vert reetablert saman med eit trappeanlegg ned mot vasskorpa.

I ny bygningsmasse i Teinevikjo kan aktuell bruk vere lokasjon for Stord Hamnestell, museum, kafè, symjebasseng/vasspark, utleigearreal, kontor osb.

Det gamle sjøhuset inst i Teinevikjo er med på å skape eit fint gatemiljø. På framsida kan det etablerast bed og grøntareal, medan området på baksida kunne brukast til oppstillingsplass for traktor og køyretøy til hamnestellet. Sjølv bygget vert idag lite brukt grunna låg takhøgd per etasje, men det er kanskje mogleg å gjere strukturelle grep invendig for å skape større opne areal over fleire etasjer. Bygningen kan kanskje takast i bruk av lag/foreiningar (frivillighetshus), eller leigast ut til arrangement.







Moloen

For å etablere meir kaiareal er moloen utvida, i tråd med gjeldande reguleringsplan. Det vert kaikant på begge sider av moloen, med plass til større skip samt køyreareal for tilkomst med bil og større køyrety langs kaikanten. Her vil ein kunne setje opp gjerder og portar på avgrensa deler av arealet, som kan opnast og lukkast etter behov dersom kaien skal sikrast i tråd med ISPS-regelverket.

Midtarealet på moloen er føreslått som parkanlegg med eit bølgjande grasvoll-landskap, med gangvegar og kryssande "snarvegar" mellom kaifrontane. I enden av moloen vert det etablert eit målpunkt med ein installasjon eller attraksjon. I området rundt storrdøra vert sitteplassar og aktivitetstemaet "Mesternes mester" og andre treningsapparat videreført, i tillegg til at ein etablerer vassinstallasjon for dei minste.

MS Sunnhordland får fast kaiplass på moloen. Her vert båten framleis godt synleg i frå heile hamnesbassengen, samt ved inseginga til Leirvik. Her er det òg enklare å manøvrere seg til kai.

Ambulansebåten får òg ny plassering på moloen, men i forlenging av eksisterande bunkringskai ved Storrdøra. Dette kan ein gjennomføre utan ny utfylling av moloen. Her kan kaiarealet skjermast frå aktivitetsområda med beplanting og steinbed. Med denne plasseringa slepp ambulansen å køyre gjennom bustadområde og gangsoner, som den gjer i dag.


Bunkerskaien vert vidareutvikla med septiktømming og hurtigladestasjon.





Mål og tiltak i hamnestategien

Hamnestategien står opp under måla for strategiarbeidet på m.a. følgjande måtar:



1. Å utvikla Leirvik hamn til den føretrekte gjestehamna i Sunnhordland
 - nye aktivitetar i hamna, som t.d. sjøbad, strandpromenade, park, maritimt regionmuseum
 - fine visuelle omgjevnadar
 - butikkar og restaurantar
2. Å styrka attraktiviteten og bruken av hamna blant innbyggjarane på Stord
 - enkel tilkomst, -knyte hamna saman med byromma bak
 - båtdelering
 - korttidsparkering for båt
 - nye aktivitetar i hamna, som t.d. sjøbad og maritimt regionmuseum
 - lyssetting
 - målpunkt/program (strandpromenade)
3. Å leggja til rette for at unge kan oppleva sjø/båtliv
 - Stord Seglforening
 - Redningsselskapet
 - sjøbad
 - sykkelparkering med ladestasjonar
 - maritimt regionmuseum
 - båtdelering
 - korttidsplassar for båt
4. Å leggja til rette for at eksterne aktørar innan maritime miljøtenester kan etablera seg
 - Redningsselskapet
 - utfylling med nye kaiar/bygg/lokaler
 - ladestasjonar til båt
5. Å leggja til rette for grøn omstilling
 - ladestasjonar
 - hurtigladning
 - sykkelparkering langs hamna, med ladestasjonar
 - færre overflateparkeringsplassar for bil ved sjø
6. Å sjå på moglegheita for etablering av eit sjøbad-anlegg
 - plassere dette slik at det kan brukast heile dagen (solforhold) og at det vert ein attraktiv destinasjon i hamna

VEGEN FRAMMETTER




KORTE LØP

Utvide bunkersbrygga

Ei utviding av brygga på moloen vil mogeleggjere flytting av ambulansebåten ut der, som frigjer areal på Skotabergkaien.

Etablering av sjøbadanlegg

Etablering av sjøbadanlegg på Skotabergkaien, inkludert nedtrapping av kaiområdet mot sjø og ramper. I ein første fase kan ein ev. leggje til rette for bading mellom to flytebrygger, der òg flytande sauna kan etablerast.



Strandpromenaden

Utarbeide heilskapleg plan for møblering, beplantning (planteplan), lyssetting og materialitet. Må sjåast i samanheng med møbelprosjektet som er vedteke i Byromsstrategien.

Gjestehamna

- Trappe kaifront ned mot sjø inst i Evjo, etablere ramper
- Etablere båt-delering, og samarbeid med BUA (kajakkutleige m.v.)
- Etablere ladestasjon for el-båt, med mogelegheit for utviding til Notahaugsbryggo og Ventekaien
- Omstrukturere bygningsmasse knytt til gjestehamna
- Etablere park-/louganlegg (krev til dels privatrettsleg avtale og samarbeid)



Maritimt regionsmuseum

Arbeidet med å etablere eit regionalt maritimt museum kan starte snarleg, der ei prosjektgruppe bør setjast ned og lage forslag til mandat og innhald. Ein kan sjå på eksisterande installasjonar og historie i større samanheng ("kulturhistorisk turløype" langs strandpromenaden).

Auka tilkomst til sjø

Utbetre tilkomst til sjøfront mellom Sjøhuset og Notahaugsbryggo, og utbetring av tilkomst mellom to høgdenivå her (krev privatrettsleg løkke og samarbeid)

Konkurranse

Utsmykking av betongvegg ved Nattrutekaien (krev privatrettslege løyper og samarbeid)

Avklaring framdrift

Starte arbeidet med realisering av ytre molo, og naudsynne avklaringar knytt til reguleringsplan og søknadar for den. Samt for utviding av molo og utfylling i Teinevikjo.



LITT LENGRE LØP

Utvide eksistarande molo

- Utvide molo i tråd med gjeldande reguleringsplan, etablering av kaiareal og park
- Flytte MS Sunnhordland og slik frigjøre areal på Ventekaien til ny park (byromsstrategien)
- Konkurranse; kunstinstallasjon i enden av ny molo
- Etablere hurtigladar ved bunkersbrygga

Utfylling i sjø - Teinevikjo

- Utfylling i sjø i tråd med gjeldande reguleringsplan
- Etablere park med sandvolleyballbane
- Etablere nytt bygg
- Flytte rampe til sjø og flytebrygger lenger ut

Ev. vidareutvikling av sjøbadanlegget

LANGE LØP

Etablere ny ytre molo

Ny ytre molo som vil kunne avlaste kaiane i sentrum for dei større skipa. Her kan ein også sjå på mogelegheit for cruisekai, som vil kunne bli naudsynt grunna innføring av strenge miljøkrav i fjordar.

Miljøgate

Etablering av miljøgate gjennom sentrum - her også medrekna Hamnegata

Kjelder

- 01 - <https://port-safety.com/>
- 02-04 - <https://kruser.no/galleri>
- 05 - Stord Seilforening
- 06 - Redningsselskapet
- 07 - <https://kruser.no/galleri>
- 08 - <https://digitaltmuseum.no/021016390996/leirvik-pa-stord>
- 09 - <https://arcticstartup.com/helsinki-sea-pool-raises-1-mln-crowd/>
- 10 - <https://www.visitnorway.no/reisemål/sorlandet/arendal/listings-arendal/arendal-gjestehavn/19762/>
- 11 - <https://www.aftenbladet.no/lokalt/i/aPmPj5/havnestyret-har-vedtatt-oppvarmet-havnebad-i-sandnes>
- 12 - <https://www.dezeen.com/2014/06/14/timber-boardwalk-by-topiaris-landscape-architecture-stretches-down-the-river-bank/>
- 13 - https://d1oqwsnd25kjn6.cloudfront.net/production/curio_primary_images/14007/large_original/Apr15_2019-Zadarjpg?1555305701
- 14 - <https://www.kompan.no/kadettangen>
- 15 - <https://wroclawkobiecmokiem.pl/plaze-we-wroclawiu-kompletny-przewodnik/>
- 16 - <https://grindaker.no/projects/sorenga-sentralpark/>
- 17 - <https://motionera.stockholm/hitta-utegym/utegym/bjorkhagens-utegym/>
- 18 - <https://landskapsarkitektur.no/prosjekter/horten-havn-midlertidig-park-hs4>
- 19 - <https://secretnyc.co/hidden-nyc-rooftop-park/>
- 20 - <https://www.archdaily.com/508306/umea-campus-park-thorbjorn-andersson-sweco-architects/537a>